

gavlen

2020 - 40. årgang

Sunnmøre Museum
Sunnmøre Museumslag



Besøksfyr

Av Frode Pilskog



Kjeungskjær i solnedgang. Eit eventyr både for museet som kom for å setje opp skilt og for familien som hadde leigt fyret. Dei står i tårnet og speidar langs leia. Foto: Frode Pilskog

Visste du at Giske er ei av landets fremste fyrkommunar? Sidan Valderhaug fyrlykt vart tent i 1772 har kommunen hatt heile sju fyrstasjonar.

Dette kan du lese meir om i boka «Norske fyrstasjoner. Besøksfyr langs hele norskekysten». Forfattar Per Roger Lauritzen har skrive ein omtale av alle dei 226 fyrstasjonar som har vore bemanna.

Tida med fast manning på fyr er forbi. Fyrstasjonane er ikkje lenger ein arbeidsplass, men ein stad for flotte natur- og kultur opplevingar.

Kystverket har leigt ut ein rekke fyrstasjonar til ulike firma, lag og foreiningar. Om lag 120 fyrstasjonar har fått vertskap eller ny bruk. I boka kan du finne fram til desse.

På Sunnmøre er Ulla, Lepsøyrevet, Erkna, Alnes, Grasøyane, Runde, Svinøy og Haugholmen/Frekøy fyr som er tilgjengelege for

publikum. Kontaktinformasjon kan ein finne på nettsida: www.fyr.no

Den nye fyrboka er gjeve ut av Kystverkmusea og inngår i tidskriftserien Kystens veivisere. Du finn boka til sals i museumsbutikken. Norske fyrstasjonar er no tilpassa tursekken og kan nyttast som din vegvisar.



Erkna fyr er sjeldan tilgjengeleg, men ein fantastisk fyrstasjon å vitje. Foto: Frode Pilskog